

Korleis påverkar handskriving det vi lærer?

Er det forskjell på korleis vi lærer viss vi skriv for hand samanlikna med å skrive på PC eller iPad?

Forslag til gjennomføring

Start med å la elevane komme med hypotesene sine om korleis dei lærer best sjølv. Dette kan de gjere som ein kort diskusjon i klassen og ved at kvar elev formulerer og skriv ei setning eller to for korleis dei sjølv trur dei lærer best.

Forklar elevane kva testen går ut på. Gjer det klart at målet er å undersøkje kva metode som hjelper dei best med å hugse nye ord.

Testinga

La elevane skrive ned 15 ord for hand på papir. Forklar at dei skal prøve å memorere desse orda, for dei vil bli testa på kor mange av orda dei hugsar seinare. Ta tida og bruk like lang tid på å lese opp kvart enkelt ord i begge gruppene (både dei som skriv for hand og dei som skriv på PC eller iPad – dette skal dei nemleg teste neste dag).

Ta ein pause – til dømes eit friminutt – og sjekk deretter kva ord elevane kan hente fram og skrive opp på nytt på papir.

Neste dag kan du la elevane skrive 15 nye ord på ein PC eller ein iPad. Forklar at dei skal prøve å memorere desse orda òg. Ta ein like lang pause som ved tidlegare forsøk og sjekk kva ord elevane kan hente fram no etter å ha skrive på tastatur.

I slutten av veka kan de sjekke kva ord som sit igjen i minnet til elevane. Samanlikn kor mange ord frå kvar liste (handskrift versus tastatur) som elevane hugsar. Sjekk kva slags liste som har flest treff. Diskuter resultatata med elevane og sjå om dei samsvarer med dei opphavlege hypotesane deira.

Alternativt kan de gjere ei ny undersøking der elevane i tillegg til å skrive ordet får lov til å lage enkle små strekteikningar til kvart ord dei skriv for hand. På PC-en eller iPaden kan dei eventuelt skrive ei setning eller leggje til ein liten definisjon av ordet. Korleis påverkar dette innlæringa? Sjekk ut og forsk på den beste innlæringsmetoden.

Oppgåveark

Oppgåvearket er eit arbeidsark med tittelen 'Korleis påverkar handskriving læring?' og under tittelen spørsmålet 'Er det forskjell på korleis vi lærer viss vi skriv for hand samanlikna med å skrive på ei datamaskin?'. Arket er delt inn i tre søyler: 'Hypotese' (Eg trur og lærer best ved å...), 'Undersøking' (Dette har vi gjort.), og 'Konklusjon' (Dette har vi funne ut.). Arket har eit mørkt bakgrunnsbilde og er dekorert med ikoner som notisblokkar og ein fjær. I øvre høgre hjørne er det eit bilde av ein elev som skriv på papir.

Oppgåvearket kan lastast ned som PDF-filer på nysgjerrigper.no

Test

Første omgang (handskriving)

katt
bok
lampe
konge
sol
saft
fisk
hus
bil
solbrille
blome
stol
vatn
blå
hoppe

Andre omgang (på tastatur)

dør
skule
hage
mus
vindauge
teikne
måling
tak
raud
is
blyant
eple
telefon
kopp
mjølk

